

Informasjonsmøte angående Betel 30.09.25 på Betel

Desse møtte:

Elin Rondestveit, Daniel Hydle, Nina Fjeld, Marta Bergo Straume, Jorunn Bergo Aarvik, Finn Gjerde.

Frå heradet: Thore Hopperstad og Brynjulf Langballe

Representant for grunneigarane: Knut Sigurd Skeie

Thore innleia med å seia litt om prosessen rundt bygget så langt. Det har ikkje vore aktivitet på Betel dei siste åra. Indremisjonssamskipnaden på Stord har betalt straum, kommunale avgifter og forsikring i åra 2010-2023, men vil ikkje lenger dekkja kostnadane for bygget.

Tilstanden til bygget i dag:

Det er pr i dag korkje straum eller vatn kopla til bygget. Taket lek, og det trengs drenering rundt huset. Denne utbetringa vil koma på minst to millionar kroner. I tillegg kjem eventuelle oppgraderingar av toalettfasilitetar og liknande.

Eigarskap:

Bygget er eigd av Ulvik indremisjon, men laget er ikkje lenger aktivt. Når Ulvik indremisjon i tillegg er sletta i Brønneøysundregisteret, blir laget formelt rekna for avvikla. Bygget står altså utan formell eigar, og heradet kan i slike høve søkja kartverket om å få overta huset.

Heradet ynskjer å gjera krav på bygget for å riva det, og på den måten unngå ytterlegare forfall.

Tomta som bygget står på, er eigd av arvingane etter Knut Skeie i fellesskap. Gards og bruksnummer er tinglyst. I fylgje statuttane til Betel, er det strenge krav til kva bygget kan nyttast til. Huset er eit bedehus. Dersom det vert brukt til andre føremål, kan eigarane av tomta krevja bygget fjerna. Dersom det skulle vera aktuelt å endra bruken av bygget, vil grunneigar krevja at tomtegrensene vert endra, slik at tilkomstvegen ikkje vert liggande på tomta til Betel. Huset skal ikkje brukast til ungdomsklubb eller liknande.

Prosessen vidare:

Heradet vil kalla inn til eit allmøte i slutten av oktober. Her vil ein gje informasjon om prosessen så langt, og om planane vidare.

Det er viktig at dette allmøtet vert gjort godt kjent, slik at folk har høve til å engasjera seg.

Heradet vil ikkje gjera krav på interiøret i Betel, men kan bistå praktisk med å selja det som kan ha verdi. Overskotet etter salet kan til dømes gjevast til soknerådet i Ulvik. Det vert tilrådd at arbeidsgruppa som har engasjert seg i Betel dannar eit lag for å avhenda interiøret.

Talarstol og anna med affeksjonsverdi kan eventuelt takast vare på i eit planlagt bygdemuseum.

Etter allmøtet vil det verta sett ein frist for dei som måtte ynskja å koma med innspel.

Dersom huset skal rivast, vil ein i forkant gjennomføra ei avvigsling. Korleis dette skal gjennomførast, må ein koma tilbake til.

Brynjulf har fått nøkkel til bygget.

Tenestetorget kan ta imot eksemplar av jubileumsboka for Betel for sal.

Ref: Jorunn Bergo Aarvik

